

Helse og Omsorgsdepartementet

Vår saksbehandlar: Sara Fugledal Wiik
Vår ref.: 1410097

Vår dato: 09.01.2025
Dykkar ref.: 24/3925-

Høyringssvar – forslag til endringar i Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)

Norsk Sykepleierforbund (NSF) takkar for moglegheita til å gi innspel på forslag til endringar i folkehelselova. Sjukepleiarar, helsesjukepleiarar og jordmødre har ei viktig rolle i det heilskaplege folkehelsearbeidet.

NSF sine viktigaste tilbakemeldingar

Kommunane er Noregs fremste velferdsprodusentar for befolkninga. Det er her folk bur og lev liva sine. Difor er det heilt avgjerande at kommunane er i stand til å tilby innbyggjarane dei tenestene dei er pålagde. NSF er bekymra for at mangel på ressursar og dårleg kommuneøkonomi spesielt, kan hindre effektiv implementering av tiltaka på lokalt nivå. Det er avgjerande at det tilførast økonomiske midlar. Dersom folkehelsearbeidet vert utifrå kvar enkelt kommune sin økonomi, tilgjengeleg kompetanse og lokalt engasjement er det uheldig for å utjamne sosiale helseforskjellar på nasjonalt nivå på sikt. Soleis er det også viktig for NSF at ein legg til rette for å sikre lik tilgang på kompetanse og ressursar på tvers av regionane. Vi må ha «dei rette folka, på rett stad og til rett tid». Fyrstelinjetenesta i kommunane må ha folk med kompetanse og interesse for førebyggjande og helsefremjande arbeid. Dette er eit arbeidsfelt som krev stort engasjement for å lukkast. Folkehelseaktørane treng politikarar som er villige til å prioritere helsefremjande arbeid innanfor alle kommunale sektorar, i form av reelle prioriteringar og økonomiske insentiv og midlar for folkehelsearbeid.

NSF er nøgde med at det har kome forslag om endringar og at ein no samlar lovbestemmingane som gjeld kommunane. Denne samlinga av kommunane sitt ansvar bidreg til ei meir strukturert tilnærming til folkehelsearbeidet. Det er positivt at kommunane sitt ansvar for å medverke til og legge til rette for forskning og kunnskapsutvikling lovfestast.

NSF støttar at det vert ei tydeleg kopling til barnekonvensjonen og vektlegging av barnets beste og situasjonen til den samiske befolkninga. NSF ser også positivt på fokuset på tverrfagleg samarbeid.

NSF støttar at minoritet og urbefolkningshelse, spesifikt samane si helse, er lyfta fram. Både forskning og tenesteutvikling må styrkast for å fremje god helse og likeverdige tenester. Det sjåast som positivt at samane konkret lyftast fram, men det er i dag også andre minoritetsgrupper som har behov for å lyftast. Ei formulering kan være å «vurdere situasjonen for minoritetsgrupper, derunder den samiske befolkning».

NSF meiner at ut i frå utfordringane vi ser i dag bør menneske med psykiske lidningar og rusutfordringar, samt eldre lyftast tydelegare fram i lovforslaget.

NSF ser at det med fordel kan presiserast betre at kunnskap i befolkninga, helsekompetanse, er ein svært viktig del av god folkehelse. Samt ansvaret ein som kommune og stat har for dette. Her oppmodar vi til å sjå på tydeliggjering i paragraf 7.



NORSK SYKEPLEIERFORBUND

Tollbugt. 22 Telefon: 994 02 409
Postboks 456 Telefaks: 22 04 32 40
0104 Oslo E-post: post@nsf.no

www.nsf.no
Bankgiro: 1600 49 66698
Org.nr: NO 960 893 506
MVA

Faktura adresse: sykepleierforbundet@invoicedrop.com

Godkjent av forbundsleder, 13.01.2025

Kommunen sitt ansvar for folkehelse

Endringane i lovverket tydeleggjer kommunen sitt ansvar for å fremje befolkninga si helse, livskvalitet, gode sosiale og miljømessige forhold, samt bidrag til å førebygge sjukdom, skade og liding. Dette inkluderar å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ verknad på helse. I dette skal ein medverke til samarbeid med myndigheiter, verksemdar og frivillig sektor. NSF meiner at sjukepleiar, helsesjukepleiar og jordmødre si rolle bør kome mykje tydelegare fram.

Samfunnsmedisinsk kompetanse er også framheva. Dette inkluderer rådgjeving i folkehelsearbeid, epidemiologiske analyser, hestekompetanse og helsemessig beredskap. Samfunnsmedisinsk kompetanse bør definierast i § 3.

I lovforslaget skildrar ein at kommunen skal iverksette tiltak for å møte folkehelseutfordringar, inkludert tiltak knytt til oppvekst og levekårforhold, livsstils faktorar, psykisk helse, einsemd, vald og overgrep- samt smittsame sjukdommar. Barnets beste skal vektleggast. NSF vurderer denne tydeleggjinga som svært viktig. Men vi saknar konkret presisering av korleis ein skal operasjonalisere innhaldet i lova. Kven i ei kommune skal sitje med dette ansvaret og kva midlar skal ein nytte.

Som vi skreiv i vårt innspel til folkehelsemeldinga i 2022 så skapast folkehelse i all hovudsak utanfor helsesektoren. Vi skal likevel passe oss for å snakke ned helsesektoren sitt bidrag. Ei helsefremjande tilnærming hjå over 130.000 sjukepleiarar vil eksempelvis gjere ein viktig forskjell. Helsesjukepleiarar har ein definert helsefremjande og forebyggande funksjon og vil saman med jordmødre, allmennlegar og samfunnsmedisinarar kunne utgjere ei betydeleg lokal kraft i kommunen sitt folkehelsearbeid. Bedriftssjukepleiarar, geriatrike sjukepleiarar, sjukepleiarar innanfor smittevern, innan psykisk helse og rusarbeid, innan migrasjon og flyktningshelse, samt avanserte kliniske sjukepleiarar har også vesentlege roller i folkehelsearbeidet.

Dei regionale helseføretaka (RHF) sitt ansvar

Det står at RHF'ane skal bidra med kunnskap om helsetilstanden til befolkninga i regionane, som grunnlag for oversikt og forhold som har påverknad. Det står også at dei skal samarbeide med kommunane om folkehelse. Her meiner NSF at det bør presiserast konkret kva RHF'ane skal bidra med innanfor folkehelse, dersom ein tenkjer det er meir enn beredskap.

Barnets beste

NSF støttar heilhjarta at ein skal vurdere omsynet til barnet sitt beste jamfør §7. Her har helsesjukepleiarar og jordmødre ei spesiell kompetanse i kommunen og kan bidra med innsikt i korleis folkehelsearbeidet kan tilpassast born sine behov. NSF ser at helsestasjon og skulehelsetenesta er ein viktig del av folkehelsearbeidet i ei kommune og at ressursane må være deretter. NSF vil legge til at barnets beste må kome fram også i kommunal planlegging og forvaltning. Det vert viktig at kommunane får gode reiskap for arbeidet med vurdering av barnet sitt beste, slik at det gjerast reelle vurderingar i alle involverte sektorar. Fylkeskommune og stat må ha eit ansvar for naudsynt kunnskapsdeling og opplæring i kommunane. Det finnst gode ressursar på dette, mellom anna på Barneombudet sine nettsider.

Folkehelse for samane

Høyringsnotatet seier at vi ikkje har god nok kunnskap om folkehelse for den samiske befolkninga og at ansvaret i stor grad ligg hjå dei kommunene som har samisk befolkning. Med dette forstår vi at ansvaret på dei kommunene vert stort når det kjem til å utforske og handtere samisk retta utfordringar. Dette bør innebære ei finansiell støtte til dei kommunene som ivaretek dette og ein plan for å auke kunnskapsgrunnlaget.

Tydeleggjing av beredskapsbestemmingar

Sjukepleiarar er sentrale i helsetenesta sin beredskap, spesielt i krisesituasjonar. Kravet om forsvarleg samfunnsmedisinsk beredskap gir sjukepleiarar eit tydelegare ansvarsområde og kan styrkje deira rolle i planlegging og gjennomføring av beredskapsarbeid.



NORSK SYKEPLEIERFORBUND

Tollbugt 22 Telefon: 994 02 409
Postboks 456 Telefaks: 22 04 32 40
0104 Oslo E-post: post@nsf.no

www.nsf.no
Bankgiro: 1600 49 66698
Org.nr: NO 960 893 506
MVA

Faktura adresse: sykepleierforbundet@invoicedrop.com

Godkjent av forbundsleder, 13.01.2025

Det reviderte lovforslaget legg vekt på klargjering av ansvar og betre samarbeid på tvers av sektor og nivå. Sjukepleiarar er ofte bindeledd mellom ulike helsetenester og NSF peiker på at deira kompetanse er avgjerande for å sikre at folkehelsearbeidet er heilheitleg.

Sosial ulikskap i helse og utjamning

Sjukepleiarar, helsesjukepleiarar og jordmødre spelar ei stor rolle i dette arbeidet. NSF meiner at innsatsen dei legg inn vil være sentral for å sikre at folkehelsearbeidet er inkluderande.

Jordmødre ser ofte korleis sosial ulikskap har stor påverknad til helse i svangerskap og barseltid og jordmødre kan dermed ha ei sentral rolle i avdekking og tidleg innsats kring ulikskap i folkehelse. Helsesjukepleiare har ei sentral i dette arbeidet gjennom heile barnet sine oppvekst og ungdomsår. Helsestasjon og skulehelsetenesta er ein universell teneste som i seg sjølv er sosialt utjamnande. Sjukepleiarane som er nemt som viktige aktørar i folkehelsearbeid generelt er like viktige i sosial utjamning.

Psykisk helse i folkehelsearbeidet

Departementet ber om innspel på om rasisme bør omtalast som eit tiltaksområde. NSF foreslår at dersom ein nyttar ordet «diskriminering» så går ein breiare ut. Det vil også inkludere rasisme.

Sjølv om psykisk helse nemnast som ein sentral del av folkehelsearbeidet, manglar spesifikke krav til korleis kommunane og fylkeskommune skal innlemme dette i sine tiltak og planar. Eit krav om eigne planar for psykisk helse og rus kunne med fordel være inkludert.

Einsemd nemnast, men det er noko uklart korleis lova operasjonaliserer tiltak for å kjempe mot einsemd som folkehelseutfordring. Eit tydelegare rammeverk for samarbeid på tvers av sektorar er eit tiltak for å adressere dette.

Som nemt innleiingsvis er NSF opptekne av at eldre vert lyfta meir fram også kring psykisk helse.

Innovasjon

Det er lite fokus på korleis teknologi, digitalisering og innovasjon kan nyttast til å utvikle meir effektive løysingar innanfor folkehelsearbeidet.

Evaluering

Det er inkludert krav om evaluering i lovforslaget. Her meiner NSF at ein bør være meir konkrete på korleis dette skal gjennomførast. Kva indikatorar skal nyttast i dette og korleis evalueringane skal føre til justering av tiltak må kome fram.

Lill Sverresdatter Larsen
Forbundsleiar

Bente Lüdemann
Fagsjef



NORSK SYKEPLEIERFORBUND

Tollbugt. 22 Telefon: 994 02 409
Postboks 456 Telefaks: 22 04 32 40
0104 Oslo E-post: post@nsf.no

www.nsf.no
Bankgiro: 1600 49 66698
Org.nr: NO 960 893 506
MVA

Faktura adresse: sykepleierforbundet@invoicedrop.com

Godkjent av forbundsleder, 13.01.2025